

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2017/2018

Innleiing

Årsmøtet for 2016/17 vart avvikla i grendahuset 13.04.17. På dette årsmøtet vart det ikkje gjort endringar i styret.

Styret har då vore samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Arild Skjelbred, Frøydis Eide og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Vegard Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Frode og Arild står på val (styremedlemmer) og Vegard står på val (varamedlem).

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Geir står på val.

Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

Møteverksemd

Også dette året har det vorte halde tre styremøte i grendalaget. Det første møtet hadde me 2.juni og det andre 13.oktober. I tillegg hadde også styret som vanleg eit møte i forkant av årsmøtet 13.april.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Den godkjende årsmeldinga – og informasjon og bilete elles - vert lagd ut på Rasdalssida, www.rasdalen.no. Styret oppfordrar medlemmene til å senda bilete, ev. med tekst, til redaktøren av sida. Dermed kan sida oftare oppdaterast, slik at folk kan sjå korleis det ser ut i Rasdalsområdet. Viktig informasjon vert også kunngjort som oppslag her i Rasdalen.

Saker det har vore arbeidd med :

Dugnaden 03.06.17

Etter to år med målingsarbeid vart dugnadsarbeidet denne gongen delt opp i grupper. Ei gruppe tok seg av å rydda lærarrommet og loftet i 3.etasje, og der var det ein god del å ta tak i. Den andre gruppa rydda stien på austsida av elva inn til Rørbakken, og dei fekk også mykje å arbeida med. I tillegg vart grendahuset også vaska og reingjort. Veret var på vår side denne dagen, og me fekk gjort det me hadde planlagt. På sjølve dugnadsdagen var det 8 personar i sving, og me som var på grendahuset hadde lunsj utandørs – det skjer ikkje kvart år. Elles har me frå ein medlem fått ein plenklippar som er plassert i uthuset, den var i bruk to gonger sist sommar.

Sommarfesten 29.07.17

Sommarfesten vart stort sett avvikla etter same mønster som tidlegare, men veret var nok ikkje av det aller beste. Det var 34 personar denne gongen som hadde ein triveleg kveld i lag. Men starten på uteaktivitetane var litt brutal, for då opna himmelen sine sluser og vatnet ausa ned. Dermed vart uteaktivitetane noko amputert, det vart ikkje så lett å skriva ned svara på gjennomvåte ark. Men etterpå heldt me til i salen nede, der var det tørt. Der hadde me god mat ifrå eit rikhaldig koldtbord, quiz med varierte spørsmål, allsong og eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Inntektene på denne festen er viktige for grendalaget, og i fjor fekk me inn 5990 kr på åresalet. Inngangsbillettar har me no sløyfa på sommarfestane. Tradisjonen med sommarfest er også viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen. Til sommaren vert det sommarfest endå ein dag tidlegare, nemleg laurdag 28.juli. Då håpar me på god oppslutning.

Påskebasaren 15.04.17

Basaren på påskeaftan har vore ei viktig inntektskjelde for Rasdalen grendalag. Me fekk denne gongen inn 11.954 kr på basaren, og det er imponerande. Det var som vanleg fire trekningar, og det vart gitt litt informasjon frå leiaren. Styret er svært takksam for at folk er så flinke til å stilla opp, kjøpa årer og gje gevinstar til åresalet. Denne gongen var det svært god oppslutning på basaren, godt over 70 personar med stort og smått. Dermed vart det slik at ikkje alle fekk kjøpt så mange årar som dei ynskte. Derfor har styret no vedteke å berre ha tre trekningar, og at prisen per åre vert sett til 10 kroner. Denne ordninga vil gjelda frå og med 2018.

Påskerennet måtte for ein sjeldan gong avlysast påska 2017, det var ikkje nok snø til å arrangera dette tradisjonsrike rennet.

Økonomien til grendalaget

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra kontroll og styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.17 var på 41.225,92 kr. Etter den tid har det gått ut om lag 17.000 kr til faste utgifter, men påskeaftan kjem basaren vår med forhåpentlegvis nytt økonomisk påfyll.

Når det gjeld medlemskontingent for 2017, har det kome inn 5550 kr på kontoen vår.

Diverse

Grendahuset har, som me før har påpeika, fått ein god del «oppgraderingar» i løpet av dei siste åra. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka som lokale for møte, samkomer og festar av ulikt slag. Me håpar at folk vil bruka huset til ymse arrangement, og det bør også nemnast at styret har lagt seg på eit heller lågt nivå når det gjeld utleigesatsar.

Målingsarbeidet vart avslutta i 2016, det var eit heller stort dugnadsprosjekt. Det er viktig at me tek vare på huset, og at det ser velstelt og skikkeleg ut. På dugnaden i 2018, som er bestemt til laurdag 2.juni, vil me rydda sti frå Nerjorda om Nyverken, Nerjordsipa, Garlia og så tilbake til Nerjorda. Det vil også verta rydda og vaska i grendahuset den dagen.

Dei siste to åra har me arrangert fellesturar, i 2016 gjekk turen opp Todalen, gjennom Tostigen og tilbake til Nerjorda. Laurdag 22.juli i 2017 arrangerte me ein tur til Holo og Rørbakken på austsida av elva. 17 personar starta frå vegenden, og me hadde ein fin tur med pause i Rørbakken. Det vart gitt ein del informasjon undervegs, og me var nok ein gong heldige med veret. Til sommaren vert fellesturen arrangert laurdag 21.juli. Då går turen over Flatstølsbrua, gjennom Vetleverken og Nyverken, så fram på Nerjordsnipa, vidare gjennom Garlia, og derifrå tilbake til Nerjorda. Me reknar med tenleg ver også på denne fellesturen.

Frå ein medlem i grendalaget har me fått pengar til å kjøpa inn ei vaskemaskin til grendahuset. Den vart kjøpt inn i fjor, og er montert og kopla til på badet. Prisen for å bruka maskina vert 50 kr per gong. Håpar dette kan vera greitt, spesielt då for dei som er oppe i Rasdalen i ein litt lenger periode. Me ser også at dusjen vert flittig brukt, det har tydelegvis vore eit godt tilbod gjennom mange år.

Arbeidet med å samla inn stadnamn er også i gang, men dette vil nok ta litt tid. Det er mange namn omkring i dalføret som skal samlast inn og etterpå plottast inn på kart. Det er viktig med eit slikt arbeid, for det å ta vare på namna som i tidlegare generasjonar har eksistert, er i høgste grad kulturarbeid.

Elles er endringane som var nødvendige å få gjort i Brønnøysundregistrene gjennomført, slik at grendalaget kan få inntekter gjennom grasrotandelen. På styremøtet i grendalaget 13.oktober i fjor vart det opplyst at det allereie var kome inn 890 kr frå grasrotandelen.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

I året som har gått så har det vorte utført ein god del dugnadsarbeid. Det har også vorte arrangert påskebasar, dugnad, fellestur og sommarfest. Styret prøver så godt det kan å halda oppe aktiviteten i dalen i tillegg til å halda grendahuset i bra stand, og der har me fått gjort ganske mykje i løpet av dei siste åra. Me har også ei ordning med at det er ettersyn av grendahuset i vinterhalvåret. Særleg er dette viktig når kulden set inn og det er fare for frost, og også når det er mykje snø.

Innsamling av lokale stadnamn er også eit positivt tiltak med tanke på å ta vare på namn som har eksistert her i dalen.

Me har framleis ikkje kome i gang med å ordna til og innreia lærarrommet i 3. etasje, så det lyt me prioritera i tida framover. Planane har me, så då er det berre å få arbeidet sett i gang. Men utfordringa er at det også skal passa inn for den som skal utføra arbeidet.

Vegen opp til Rasdalen er nok litt spesiell, og det er ikkje alle som er like komfortable med å køyra gjennom Rasdalsberget. Men det lyt seiast at vegen har vorten godt halden det siste året, både sommar og vinter.

Dette er det mange som har kommentert, og Voss kommune skal ha ros for å halda vegen i god stand.

Eg har inntrykk av at me alle set pris på å koma opp her, om me anten er her ofte, eller om det går lenger tid mellom kvar gong me reiser opp.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal

Leiar

02.04.2018

